

Svar på spørsmål frå Aafløy - FNB - Trafikksikringstiltak ved Stend vidaregåande skule

Representant for Folkeaksjonen Nei til meir bompengar (FNB), Trym Aafløy, har sendt skriftleg spørsmål til møtet i SAMO 13. februar. Aafløy skriv:

Vestland fylke eier BÅDE Stend vgs og Fv 546. Oppsetting av autovern har ikke fått elevene til å slutte å krysse veien mellom skolebygningene på hver side av veien.

Er det i gangsatt utredning av trafikksikringstiltak på Fv. 546 ved Stend vgs. eller må vi miste en av våre elever i en dødsulykke før det kommer en gangbro ELLER en gangtunnel, evt. trafikklys her?"

Svar

Dei trafikale utfordringane ved Stend VGS er kjent også frå tidlegare. Det er difor utført fleire sikringstiltak her, som signalregulering av gangfelt og etablering av rekkverk for å samla kryssingane mot gangfeltet. I tillegg har rundkøyringa i Hordneskrysset ført til lågare fartsnivå forbi skulen. Per i dag ligg det ikkje føre nye, ferdig planlagde trafikksikringstiltak på denne strekninga, men det blir førebudd ei utgreiing som skal vurdere og gje tilråding om aktuelle tiltak, mellom anna knytt til situasjonen som Trym Aafløy viser til. Me vil her gje ei kort oppsummering av bakgrunn og status.

Forslag frå Stend VGS om gangbru/sikker kryssing

Stend VGS melde i januar 2019 inn framlegg om å etablere gangbru over fv. 546 Fanavegen. Bakgrunnen for framlegget var trafikktryggleik for elevane slik at ein får ei sikker gangkryssing som kryssar Fanavegen mellom skuleområdet på vestsida og hest/hund-avdeling/elevparkering på austsida.

I oppfølginga av førespurnaden vart det gjennomført ei felles synfaring med representantar for skulen, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen. I etterkant av synfaringa har Stend VGS i april 2019 sendt inn notat med omtale av problemstillingane knytt til kryssing av Fanavegen.

Dagens tilrettelagte kryssingstilbod over Fanavegen er eit signalregulert gangfelt som ligg like nord for krysset med fv. 5166 Titlestadvegen. I den grad dette gangfeltet ikkje blir nytta, så opplyser Stend VGS at observert villkryssing er knytt til tre punkt:

- Området på sørsida av gangfeltet
- Den historiske hagen
- Posthuset

Stend VGS meiner at ei gangbru over Fanavegen i stor grad vil kunne kanalisere det meste av villkryssinga til bruia. Skulen har gjort ei samanstilling av gangavstandar sett opp mot dagens situasjon med villkryssing - denne viser at gangbru i nokre høve vil gje kortare gangavstand, men også lengre gangavstandar alt etter kor målpunkta er.

Med grunnlag i notatet frå Stend VGS bad Hordaland fylkeskommune i april 2019 Statens vegvesen om ei utgreiing med fagleg vurdering av:

- ei gangbru, saman med eventuelle supplerande tiltak.
- andre aktuelle tiltak
- grov kostnadsrekning for mogelege alternativ

Det har ikkje vore tilstrekkelege tilgjengelege ressursar og framdrift i 2019, slik at dette utgreiingsarbeidet blir teke opp att no på nyåret.

Vidare oppfølging og framdrift

Som det går fram av Stend VGS sitt innspel så er det ein samansett situasjon på staden der ein høgt trafikkert hovudveg går tvers gjennom skuleområdet, med ulike målpunkt på begge sider over ei lengre strekning. Det er såleis viktig å få vurdert effekt av ulike tiltak; til dømes vurdere kva alternativ/tiltak som best vil fange opp fotgjengarstraumane og gje minst forventa "lekkasje" etter

gjennomføring. I tillegg til å vurdere reine fysiske tiltak bør det også omtalast/vurderast mogelege tiltak av meir organisatorisk karakter frå skulen si side (til dømes om dagens parkeringsløysing er tenleg mv.). Utgreiingsarbeidet vil ta for seg følgjande:

- Gjennomføre registreringar og observasjonar av m.a. kryssingsaktivitet, kryssingsmønster og fartsnivå som dokumentasjon på kryssingssituasjonen.
- Avklare aktuelle alternativ til plassering og krav til utforming av gangbru (fri høgde, universell utforming, bruksområde mv)
- Vurdere aktuelle supplerande tiltak i kombinasjon med gangbru
- Vurdere aktuelle alternative løysingar til ei gangbru
- Vurdere effekt og forventa måloppnåing for ulike alternativ
- Grov kostnadsrekning av vurderte alternativ
- Oppsummering og samla tilråding

Fylkesdirektøren tar sikte på å orientere SAMO om resultatet av utgreiinga over sommaren 2020. Eventuell prioritering av tiltak vil bli vurdert i samband med utarbeiding av budsjett.